

Arkivnr: 2014/560-138  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		

## Innspel til utkast til nye vedtekter for Ungdommens fylkesting

### Samandrag

I møtet 04.11.2014 gjorde Ungdommens fylkesutval slikt vedtak:  
*«Det er med utgangspunkt i dei gamle vedtektene laga eit forslag til nye vedtekter. Vedtektene vil bli sendt til desisjonskomiteen slik at dei kan få sjå igjennom dei og gje tilbakemelding. Det er i tillegg blitt skriven eit utdjuingsdokument for Ungdommens planprogram som inneheld ein del retningslinjer på korleis Ungdommens planprogram skal være oppbygd.»*

### Vedtak

*Ungdommens fylkesutval vedtek å sende vedtektene til administrasjonen for å få innspel til det endelege forslaget som vert sendt til ungdomsråda.»*

Administrasjonen har sett igjennom det nye forslaget og har nokre innspel:

- Nokre grammatiske rettingar, samt endre fontar i overskrifter for å gjere dei meir tydelegare.
- §1.2: Her kan det sjå ut til at ein med Hordaland fylkeskommune meiner administrasjonen. Dei to omgrepa kan derfor byttast ut og «*i Hordaland fylkeskommune*» vert lagt til på slutet av setninga.
- §2.2: Det er lagt til «, og *Ungdommens fylkesutval sine møter*,». Denne paragrafen handlar om Ungdommens fylkesting, det er derfor meir naturleg at det vert oppretta eit nytt punkt under Ungdommens fylkesutval der ein skriv at «*Møter i Ungdommens fylkesutval er opne for alle som er interessert.*»
- 2.4: Setninga «*Utdjuingsdokumentet kan endrast med 2/3 fleirtal på Ungdommens fylkesting.*» til sist i punktet, da dette berre er unntaksvis.
- Samansetting av Ungdommens fylkesting: Det er ikkje skrivne nokre stader kven som er delegatar eller kva det betyr. Det vert foreslått å legge til «...som delegatar.» på slutet av første setning i §2.6, samt at første setning i §2.18 vert endra til «*Alle medlemar og varamedlemar av Ungdommens fylkesutval er delegatar til Ungdommens fylkesting på lik linje med valde representantar frå kommunane.*» Det vert og foreslått at §2.18 vert eit nytt punkt 2.9, da dette har med samansettinga av Ungdommens fylkesting å gjere.
- §2.9 og §2.10: Det vert foreslått at «...i samsvar med sakslista...» i §2.9 vert fjerna, samt at heile §2.10 vert fjerna. Tilhørarar, dei som kjem inn for å høyre på, har inga rettigheitar, observatørar er nokon som vert invitert inn for å observere/kontrollere det som skjer, noko som ikkje er særleg aktuelt for anledninga, og gjestar kan, om de fjernar den delen av setning a i §2.9 som vert foreslått, falle inn

under dette punktet. Det opnar for at de kan invitere andre som kan uttale seg i ein særskilt sak eller som kan gi dykk ein orientering, men dei får ikkje moglegheit til å delta i den politiske debatten. Da vert det ikkje så mange rollar å helde seg til.

- Om det er einige med punktet over må nåverande §2.9, 2.19 og 2.20 få nye nummer.
- Det vert anbefalt at alle avsnitta om komiteane vert byrja med noko slikt som: «*Ungdommens fylkesting vel valkomite på minimum tre personar etter innstilling frå Ungdommens fylkesutval.*» Det er dels for å tydeliggjere kven som skal gjere kva, og for å standardisere avsnitta litt.
- §2.21: Andre setning vert anbefalt å endre til: «*Desse kan veljast mellom...*».
- §2.22: Legge til at medlemane vert vald bland delegatane på Ungdommens fylkesting.
- §2.23: Siste setninga her seier berre noko om at kontrollkomiteen har tale- og forslagsrett på Ungdommens fylkesutval sine møter, ikkje Ungdommens fylkesting. Dermed bør denne setninga flyttast til paragrafen som handlar om Ungdommens fylkesutval og ein tilsvarande opprettast for Ungdommens fylkesting, om det er ønskjeleg. Begge setningane bør ha som tillegg at tale- og forslagsrett er avgrensa til komiteen sitt arbeidsområde, slik at ikkje personar som ikkje er ein del av Ungdommens fylkesting kan delta i den politiske diskusjonen og kome med forslag innanfor alle områder.
- §3.3: Det vert anbefala at de vurderer ordet fremje i dette punktet.
- §3.5: «*Ei varamannsliste på fem personar.*» vert endra til «*fem varamedlemar.*», slik at ikkje varamedlema vert avgrensa til menn.
- §3.6: Val av Ungdommens fylkesutval er slik det står nå forvirrande da talet medlemar ikkje stemmar med det talet som vert vald. Administrasjonen ser føre seg to alternativ, men uansett må punktet skrivast om, samt at det må leggjast til at dei berre kan veljast bland delegatane på Ungdommens fylkesting:
  - o Det vert vald 7 medlemar først, og så leiar og nestleiar som berre held det vervet eit år sjølv om dei kan vere medlemar i to år.
  - o Det vert vald leiar (1 år), nestleiar (1 år) og 5 medlemar.
- §3.7: Særskilde val endrast til personval.
- §3.8: «*Alle delar av fylket skal vere representert*» vert fjerna og «*geografisk spreining*» vert lagt inn føre alder i nåverande tredje setning.
- §3.14: Andre setning vert */varamedlemar* satt inn etter *fire medlemmer* og *kan fatte vedtak* vert endra til *vert vedtaksfør*.

Alle punkta over er berre forslag og Ungdommens fylkesutval vel sjølv kva innspel dei ønskjer å ta med vidare.

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

